



Arkivopplysningar: V18, 17/1026

STRATEGIPLAN FOR SPESIELLE MILJØTILTAK I LANDBRUKET 2017 – 2020



Foto: Bernt Reed/Trine Alme

INNHALD

1. Innleiing
2. Samandrag
3. Prosess og lokal forankring
4. Målsetjingar for bruk av miljøtilskota
5. Strategiar/prioriteringar
6. Aktuelle tiltak det kan søkjast på
7. Delegering
8. Behandling gjennom året
9. Tilskotsbehov i perioden

1. INNLEIING

Kommunen har avgjerdsmynde i forvaltning av tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL). Det faglege og administrative handlingsrommet er fastsett i «forskrift om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket», heretter kalla forskrifta. Innanfor ei økonomisk råde, tildelt av fylkesmannen, har kommunen høve til å prioritere tiltak ut frå lokale tilhøve, forankra i den 4-årige tiltaksstrategien som du no har føre deg.

Som i anna utøving av offentleg mynde, skal naturmangfaldlova leggjast til grunn ved handtering av SMIL ordninga.

2. SAMANDRAG

Landbruket bidreg med langt meir til samfunnet enn mat og trevirke. Viktige fellesgode frå landbruket er produksjon av sikker mat/matforsyning, bidrag til busetjing og næringsliv over heile landet, miljøgode som bevaring av biologisk mangfald, kulturlandskap, samt skogen og jorda sin funksjon som karbonlager. Landbruket er også viktig for å vidareføre tradisjonell kunnskap og kultur. Fleire av desse godene er unike for landbruket, og produksjonen skjer samstundes med, og på grunn av, landbruksdrifta. Landbruks- og matpolitikken vert utforma slik at næringa framleis skal levere fellesgode til nytte for heile samfunnet.

3. PROSESS OG LOKAL FORANKRING

Arbeidet med revisjonen av strategiplanen er utført av landbrukskontoret i Eid og Gloppen kommune i samråd med faglaga i landbruket. Vi har i fellesskap, utifrå erfaringar med gjeldande plan, drøfta oss fram til endringane vi ønskjer å gjere i planen.

4. MÅLSETJINGAR FOR BRUK AV MILJØTILSKOTA

- Vedlikehalde og vidareutvikle det særmerkte og varierte kulturlandskapet mellom fjord og fjell/bre i Gloppen.
- Fremje driftsmåtar i jordbruket som tek i vare viktige miljø- og kulturverdiar.
- Førebyggje og redusere ureining/utslepp frå landbruket til jord, luft, vassdrag og sjø - dette jamfør kommunal klimaplan og EU sitt vassrammedirektiv.

Utfordringar :

- Høvelege rammevilkår for eit aktivt landbruk tufta på berekraftig drift.
- Jordvern.
- Attgroing av viktig kulturmark og areal med høgt biologisk mangfald.
- Forfall av verneverdige bygningsmassar og kulturminne.
- Tap av stiar og ferdselsveggar i kulturlandskapet.
- Erosjon og ureining frå landbruksareal.

5. STRATEGIAR/PRIORITERINGAR

Strategien for Gloppen kommune vil vere å nytte miljømidlar i samsvar med forskrifta for å styrke gardane sitt næringsgrunnlag som eit bidrag til å skape livskraftige bygder og velhaldne kulturlandskap.

5.1 KVEN KAN SØKJE OG KORLEIS

Søklar/føretak må disponere areal, drive aktivt på det tidspunkt eller i den perioden som går fram av jordbruksavtala og følgje dei miljøkrav som gjeld for dette arealet, jf PT-forskrifta § 4.

Eigarar av landbrukseigedomar som leiger vekk alt arealet på bruket, kan søkje SMIL-midlar ved at leigetakar av arealet stettar miljøkrava. Miljøkrava skal stettast ved at gjødslingsplan, sprøytejournal og kart over eigd/leigd jordbruksareal vert lagt ved søknaden.

- Søknad om midlar skal skrivast på godkjent søknadsskjema.
- Søknaden skal innehalde omtale av tiltaket med spesifisert kostnadsoverslag.
- Tiltaket skal visast på kart i høveleg målestokk.
- For bygningsprosjekt skal det fylgje med målsette teikningar.
- Det skal fylgje med foto av tiltaket/området, før iverksetting.

5.2 UTBETALING

For utbetaling av løyvd tilskot krev kommunen skriftleg oppmoding om utbetaling av tilskotet.

Det skal leggast ved rekneskapsoversyn over medgått timetal, forbruk av materialar og fotodokumentasjon av tiltaket.

5.3 SATSAR

	Tilskots%, inntil	Kroner
Planleggings- og tilretteleggingstiltak/prosjekt		
Planlegging av miljøtiltak	100	
Hydrotekniske miljøtiltak	50	
Kulturlandskapstiltak og tiltak mot ureining		
Tilstandsrapport gjødsellager	40	5.000/tiltak
Utbetring/skifting gjødselport/luker m.v.	40	30.000/tiltak
Utbetring silo-/pressaftanlegg	40	30.000/tiltak
Mindre utbetring husdyrgjødsellager	40	40.000/tiltak
Tilrettelegging rundballelager	40	30.000/tiltak
Vedlikehald fangdam/reinsedam	40	20.000/tiltak
Skjøtsel av kantsoner mot vassdrag	40	20.000/tiltak
Driftstilskot bekkelag eller liknande		4.000/lag/år
Tiltak for å oppretthalde miljøkvalitetane i kulturlandskapet	50	
Rydding av kulturmark og kulturminne med særleg verdi	50	
Verneverdige bygningar	50	

Tilskotsprosenten kan likevel aukast i særlege høve.

6. AKTUELLE TILTAK DET KAN SØKJAST PÅ

6.1. PLANLEGGINGS- OG TILRETTELEGGINGSTILTAK/PROSJEKT

Tilskotet kan nyttast til å planlegge miljøtiltak i eit område som t.d. eit vassdrag, ei grend/eit område.

Tilskot: Det kan løyvast eingongstilskot med inntil 100 % av godkjent kostnadsoverslag ved planlegging, organisering og prosjektarbeid. Tilskot til planlegging og tilrettelegging vert rekna inn under dei ulike tiltaka under pkt 6.2.

6.2 KULTURLANDSKAPSTILTAK OG TILTAK MOT UREINING

Tilskot skal i hovudsak nyttast til:

- Tiltak for å fremje natur- og kulturminneverdiane gjennom rydda stiar, turvegar og merking av løyper m.m.
- Tiltak for å oppretthalde miljøkvalitetane i kulturlandskapet ved å ta vare på kulturminne og det biologiske mangfaldet
- Tiltak for oppretthalde og forbetre miljøkvalitetane i jord, luft og vatn ved å avgrense og førebygge ureining frå landbruket
- Tiltak for å ta vare på kulturminne gjennom sikring/vedlikehald og røkt av kulturmiljø ved slått, tilrettelegging for beiting og istandsetjing av eldre gardsmiljø m.m.
- Tiltak for å ta vare på verneverdige bygningar som gjennom sitt opphavlege preg, kan knytast til landbruksdrift

7. DELEGERING

Følgjande mynde er delegert til MULTEK - utvalet

- Mindre endringar i vedteken strategiplan i planperioden

Følgjande mynde er delegert til rådmannen:

- Avgjerd om tilskot i einskildsaker som er i samsvar med vedteken strategiplan
- Omfordeling av midlar innan SMIL-ordninga

8. BEHANDLING GJENNOM ÅRET - TILDELING AV MIDLAR, RAPPORTERING OG RULLERING

Det blir lagt opp til fylgjande handsaming gjennom året, forutsett at kommunen får tildelt miljømidlar:

1	Søknadsfrist	30. april
2	Behandling av søknader	mai/juni
3	Omfordeling av restmidlar i Smil-ordninga	august
4	Evt. ny søknadsfrist	1.september
5	Rapportering av endeleg forbruk til fylkesmannen	januar/februar

Dersom det er ledige midlar etter at rettidig innkomne søknader er handsama, vert det sett ny frist for søknadar 1. september. Søknader som ikkje kan prioriterast inneverande år, kan liggje over til påfølgjande år.

9. TILSKOTSBEHOV I PERIODEN

Tilskot til SMIL-tiltak i perioden 2017 – 2020:

Det er erfaringstal frå dei siste fire åra (tabell 1) som ligg til grunn for forventa tilskotsbehov (tabell 2) i perioden.

Tabell 1

Løyvde tilskot innafor SMIL har vore slik dei 5 siste åra:

Søknader / kostnader / tilskot i perioden	2012	2013	2014	2015	2016	SUM
Verneverdige gamle bygningar	9	12	12	2	5	40
kostnad	1 141 010	1 583 285	1 534 500	165 972	641 302	5 066 069
tilskot	342 093	418 610	479 495	123 300	330 420	1 693 918
middel % tilskot	30	26	31	74	52 %	33
Fellestiltak / andre tiltak	6	3	2	3	1	15
kostnad	861 436	229 605	238 332	321 612	26 154	1 677 139
tilskot	107 795	124 767	65 000	86 419	18 300	402 281
middel % tilskot	13	54	27	27	70	24
Rydding av kulturmark og kulturminne	5	5	2	5	0	17
kostnad	221 000	334 933	139 312	230 000	0	925 245
tilskot	66 495	179 858	17 600	92 000	0	355 953
middel % tilskot	30	54	13	40		38
Tilskot til årleg skjøtsel i kulturlandskapet	2	4	5	4	4	19

Strategiplan for spesielle miljøtiltak i landbruket 2017 - 2020

Tabell 2

TILSKOTBEHOV I PERIODEN:	2017	2018	2019	2020	SUM
Verneverdige gamle bygningar	230 000	230 000	230 000	230 000	920 000
Fellestiltak/andre tiltak	150 000	150 000	150 000	150 000	600 000
Årleg skjøtsel i kulturlandskapet	350 000	350 000	350 000	350 000	1 400 000
Rydding av kulturmark og kulturminne	150 000	150 000	150 000	150 000	600 000
Hydrotekniske miljøtiltak og miljøtiltak	300 000	300 000	300 000	300 000	1 200 000
Planlegging og tilretteleggingsprosjekt	40 000	40 000	40 000	40 000	160 000
Myklebustdalen Bekkelag	4 000	4 000	4 000	4 000	16 000
Sum	1 224 000	1 224 000	1 224 000	1 224 000	4 896 000



Foto: Bernt Reed